



Sokneprest Svein Harald Nilsen leiar ei annleis messe i kyrkja neste sundag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag 3. februar kl. 19.30 blir det ei litt annleis messe i Uskedalen kyrkje, fortel sokneprest Svein Harald Nilsen til uskedalen.no.

- Ung Messe er ei gudsteneste av og med ungdom og saman med heile kyrkjelyden. I den forma vi feirar den er dette ei gudsteneste der vi bed mykje. Vi har ei bønnevandring i kyrkja der vi bed på ulike stader og på ulike måtar. Vi feirar nattverd som ein del av vandrainga og brukar ordninga med nattverd med intinksjon (dypping, vi dypper brødet i vinen). Temaet for Ung Messe er «Frå draum til verkelegheit», som òg er tenaet for Kirkens Nødhjelp sin fasteinnsamlingsaksjon. Vi set særleg fokus på kva som øydelegg folk sine draumar, mest for dei som er offer for krig og terror, men det handlar òg om våre eigne draumar. Konfirmantar, kyrkjelydssekretær, organist og prest har ansvar for opplegget. Etter gudstenesta har vi «kyrkjebrus» i kyrkja, opplyser soknepresten.